

Ingeniør Aarland AS
Hans Magnar Aarland
Eidsvågbakken 1
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/8901 - 20/50306

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
18.08.2020

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 1/403 Flatøy

Tiltak: Veg til tomt
Byggjestad: Gbnr: 1/403
Tiltakshavar: Henrik Brigtsen
Ansvarleg søkjar: Ingeniør Aarland AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.06.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det skal sendast søknad om utvida bruk av avkjørsle frå kommunal veg til samferdsel-veg- vass og avlaupsavdelinga i Alver kommune
2. Det skal innhentas bruksrett for veg (vegbane) frå eigar av gbnr 1/399 i samsvar med pbl §21-6. I avtale om kjørevegrett datert 04.09.19 har grunneigar av gbnr 1/12 bruksrett for veggrunn, mens eigar av gbnr 1/399- for vegkropp, vegbane. For bruksrett må begge eigarane signere.
3. Det er uklart kva type sikringstiltak som skal utførast mot både skråning og fjell. Sikring vil bli krevd for å hindre utforkjøring på bratte parti av vegen.
4. Vi kan ikkje sjå at det er prosjektert murar, ved evt. murar som etter vårt syn er naudsynte må murar takast med i søknaden og grunneigar skal samtykke til plassering av murar på hans grunn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.09.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Berit Sofie Hoffstad
Henrik Brigtsen

Helleveien 267
Bruskedalsreset 86

5039 BERGEN
5115 ULSET

Mottakarar:

Ingeniør Aarland AS

Eidsvågbakken 1

5105 EIDSVÅG I ÅSANE